

Her dyrkar me kveite



Kveite er vårt viktigaste matkorn. Frå eit halvt kilo kveite kan det bli produsert eit brød.

Kveite inneheld gluten som gjer at deigen hevar. Viss kvaliteten på kveiten ikkje er god nok til baking, blir den brukt til dyrefôr.

Kveite treng varmare vêr enn dei andre kornsortane for å bli moden. Haustkveite blir sådd om hausten, overvintrar ute og blir hausta om lag eit år etter den er sådd. Vårkveite sår ein om våren og haustar den same haust.

Normalt gir haustkveiten størst avling. Ei god kornavling er avhengig av god jord, temperatur og passe mengde regn.

I Noreg er berre tre prosent av arealet matjord, og berre ein prosent er godt eigna for kornproduksjon.

NORGES
BONDELAG

